
Fra: Elisabeth Valle <elisabeth_valle@hotmail.com>
Sendt: mandag 18. mars 2019 14:42
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Arne Timo Tauru
Emne: rønne i Alvervegen

Til dei det gjeld.

Eg bur i Alvermarka, og har merka meg eit gamalt hus i starten på Alvervegen (vis a vis kiwi) som er i svært dårleg stand. Om ein tek til høgre i staden for å ta til venstre ned til kiwi (ein kjører mot Alver hotell), så er det første hus på venstre hand når ein kjem inn på den veggen. Alle vindauga er knuste, døra står på vidt gap, og uthuset er rast i hop.

Grunnen til at eg tek kontakt, er at småungar går inn her, og det ligg strødd med brukte sprøyter på loftet. Eg har ikkje vore inne i huset sjølv, men guten min på 9 år fortel dette. Eg har sjølv sagt bedt han om å halde seg unna huset.

Eg lurar på kven som eig huset, og om ikkje huseigar har eit ansvar for å anten sperre av huset eller halde det i stand? Om dette vert ein fristad for narkotika og anna, så bør det vel stoppast?

Kan nokon i kommunen hjelpe meg å finne ut av dette, og evt ta tak i saka?

Eg ringde i dag til rådhuset, men dei visste ikkje kven dei skulle setje meg over til, og bad meg sende mail til denne adressa.

På førehand mange takk.

Mvh Elisabeth Valle

Sendt fra [Outlook](#)